ULSTEIN KOMMUNE

Vår referanse: 26/2240 26/13699
Saksbehandlar: Leif Ringstad
Dato: 02.10.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	formannskapet	

Kommunedelplan Idrett og Fysisk aktivitet

Samandrag:
Kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet er ein tematisk plan som skal fungere som eit styringsreiskap for politikarar og administrasjon, med fireårig handlingsprogram for idrettsanlegg og nærmiljøanlegg, samt langsiktige oppgåver innanfor området. Kommunedelplanen skal reviderast kvart 4.år.

Planen skal gi ei oppdatert oversikt over anlegg og behov for nye anlegg, samt rehabilitering. Planen skal og vere eit styringsverktøy for å nå kommunen sine mål innanfor idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Det er stilt krav om at idrettsanlegg skal vere innarbeidde i kommunedelplanen for å kunne få spelemidlar.

Planarbeidet skal fylgje Plan og bygningslova sine føresegner og framlegget til kommunedelplan vert med dette lagt ut på høyring i seks veker.

Kommunedirektøren si tilråding:
Ulstein formannskap legg framlegget til Kommunedelplan for Idrett og Fysisk aktivitet 2027 - 2030 ut på høyring i seks veker, i perioden 12. november til 31. desember.
Innspel til planen må vere Ulstein kommune i hende innan 31.desember 2026.

Vedlegg:
Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2026

Saksopplysningar:

Kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet (KIF-planen) er ein tematisk plan som skal fungere som eit styringsreiskap for politikarar og administrasjon, med ein langsiktig plan for utvikling av idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og friluftsliv i kommunen.

Planprogrammet for KIF-planen vart godkjend og sendt ut på høyring våren 2025. Sidan seinhausten 2025 har arbeidet med planen gått sin gang. Våren 2026 vart Ulstein idrettsråd, saman med lag og organisasjonar i kommunen, invitert til innspelsmøte. Dei frammøtte kom med mange gode innspel, og dei fleste innspela er å finne i forslaget til nytt handlingsprogram i planen.

Kommunedelplanen skal reviderast kvar 4. år, og målet er at planen skal gi ei oppdatert oversikt over anlegg og behov, og vere eit styringsverktøy for å nå kommunen sine mål innanfor området.

Planen skal ha ein oppdatert langsiktig plan for utvikling av idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og friluftsanlegg i Ulstein kommune. Brukarane av planen er politikarar, administrasjon, idrettslag og engasjerte innbyggarar.

Dersom det skal søkjast spelemidlar knytt til ordinære idrettsanlegg, må tiltaket vere med i den kommuneplanen for idrett og fysisk aktivitet. Nærmiljøanlegg treng ikkje vere med i planen, men vi har likevel valt å legge desse inn i planframlegget for å gi best mogleg oversikt over planlagd framtidig aktivitet og tiltak.

Planarbeidet skal følgje Plan og bygningslova sine føresegner, og framlegget til kommunedelplan skal ligge ute på høyring i seks veker.

Vurdering og konklusjon:

Kommunedirektøren rår til at Ulstein fomannskap som planutval legg framlegget til Kommunedelplan for Idrett og Fysisk aktivitet 2027 - 2030 ut på høyring i peridoen vert frå 12. november - 31. desember 2026.

Innspel til planen må vere Ulstein kommune i hende innan 31.desember 2026.

Likestillingsmessige sider ved saka:
Konsekvensar for folkehelsa:
Miljøkonsekvensar:
Økonomiske konsekvensar:
Beredskapsmessige konsekvensar:
Konsekvensar for barn og unge:

Jarl Martin Møller	Karen Strand
kommunedirektør	kommunalsjef